

KS Bedrift - Nettleigeavtale for næringskunder m.m.

Denne nettleigeavtalen gjeld, dersom ikkje anna er avtalt, for næringskunder, offentlege kunder, organisasjonar og alle andre kunder som ikkje er regulert av LOV 2002-06-21 nr 34 Lov om forbrukerkjøp.

Nettleigeavtalen gjeld for kunder som brukar elektriske anlegg som er tilknytt distribusjonsnettet eller regionalnettet.

§ 1 PARTANE I NETTLEIGEAVTALEN

Nettleigeavtale vert inngått mellom nettselskapet som leverandør av nettenester og nettkunden som brukar av nettenester.

Nettselskapet er det selskapet som eig det elektriske nettet som nettkunden sitt anlegg er knytt til.

Nettkunden er den eininga som brukar det elektriske anlegget som er knytt til nettet.

Nettkunden har plikt til å betale for løpande nettenester etter nettselskapet sine til ei kvar tid gjeldande tariffar.

§ 2 INNGÅING AV NETTLEIGEAVTALE, DOKUMENT I AVTALEFORHOLDET OG SIKRING AV BETALINGSLIKT SOM KONTRAHERINGSVILKÅR, OG I AVTALEPERIODEN

§ 2-1 Inngåing av nettleigeavtale mm

Nettleigeavtale vert inngått etter tinging frå nettkunden. Etter motteken tinging sender nettselskapet nettkunden ei skriftleg stadfesting av tinginga (ordrestadfesting).

Nettkunden skal ta mot eitt eksemplar av denne nettleigeavtalen og informasjon om gjeldande tariffar for nettleige som vedlegg til ordrestadfestinga.

§ 2-2 Inngåing av avtalar ved konkludent åtferd

Dersom nokon tek i bruk eit elektrisk anlegg utan samtidig å inngå nettleigeavtale med nettselskapet i samsvar med § 2-1 ovanfor, og det såleis skjer uttak av elektrisk kraft utan at det ligg føre skriftleg nettleigeavtale, vert det rekna som at brukaren har godteke og tiltredd nettselskapet sine vilkår for nettleige slik dei går fram av denne avtalen og nettselskapet sine tariffar, og på same måten å ha godteke og tiltredd nettselskapet sine vilkår og prisar for levering av kraft i samsvar med reglane om leveringsplikt, jf. § 3-3 i LOV 29-06-1990 nr 50 Energilova.

§ 2-3 Avtaledokument

Avtaleforholdet er regulert av:

1. Dei særskilte vilkåra partane sjølv eventuelt har avtalt i ordrestadfestinga,
2. Denne standard nettleigeavtalen,
3. Gjeldande tilknytingsvilkår,
4. Gjeldande tariffar for nettleige. Tariffar kan også omfatte ikkje-økonomiske forhold.

Nettselskapet skal informere nettkunden om eventuelle endringar i tariffane i løpet av året.

Informasjonen skal givast i rimeleg tid før nye tariffar trer i kraft.

I tillegg til ovannemnde gjeld den til ei kvar tid gjeldande offentlegrettslege reguleringa som vedkjem nettreguleringa. For tida gjeld:

1. FOR 1999.03.11 nr 0301: (OED) Forskrift om måling, avrekning og samordnet opptreden ved kraftomsetning og fakturering av nettenester.
2. FOR 1999.03.11 nr 0302: (OED) Forskrift om økonomisk og teknisk rapportering, inntektsramme for nettvirksomheten og tariffar
3. FOR 2001.12.10 nr 1377: (OED) Forskrift om innbetaling av påslag på nett tariffen til Energifondet (forskrift om Energifondet).
4. FOR 2004.11.30 nr 1557: (OED) Forskrift om leveringskvalitet i kraftsystemet.
5. FOR-2006-04-26-468: (NHD) Forskrift om krav til elektrisitetsmålare som selges.
6. FOR-2004-10-22-1398: (NHD) Forskrift om krav til elektrisitetsmålare under bruk.
7. FOR-2002-05-07-448: (OED) Forskrift om systemansvaret i kraftsystemet
8. FOR-2001-12-17-1421: (OED) Forskrift om planlegging og gjennomføring av rekvisisjon av kraft og tvangsmessige leveringsinnskrenkninger ved kraftrasjonering.

Tvingande reguleringar i forskrifter gjeld i tilfelle motstrid framfor reguleringar i avtalte vilkår. Særskilt avtalte vilkår gjeld i tilfelle motstrid framfor generelle standard vilkår.

§ 2-4 Sikring av betalingsplikt som kontraheringsvilkår, og i avtaleperioden.

Nettselskapet kan dersom det er sakleg grunnlag for dette, krevje sikring for betalingsplikt. Eit slikt krav kan på same vilkår setjast fram også etter at avtale er inngått. Dersom nettkunden let vere å stille sakleg grunnleggjande sikring etter krav frå nettselskapet i avtaleperioden, kan nettselskapet stenge kunden sitt anlegg etter reglane i §§ 7.1 til 7.4.

Dersom nettkunden krev det, må nettselskapet sine krav om å stille sikring grunnleggjande skriftleg.

§ 3 OPPLYSNINGAR OM NETTKUNDEN MM

Nettselskapet har rett til å krevje opplysningar av nettkunden. Dette gjeld nettkunden sitt firmanamn, føretaksnummer, noverande og tidlegare næringsadresse, m.m.

Nettselskapet kan krevje opplysningar om pårekna forbruksdata, effektbehov og energiuttak m.m.

§ 4 NETTLEIGEAVTALEN SITT VERKEOMRÅDE OG FØRESETNADER

§ 4-1 Verkeområde

Nettleigeavtalen regulerer bruken av nettet til uttak av elektrisk kraft.

All annan bruk av nettet, også signaloverføring, kan berre skje etter skriftleg avtale med nettselskapet.

§ 4-2 Nettleigeavtalen sin føresetnad

§ 4-2.1 Tilknytingsvilkår

Nettselskapet knyter til alle elektriske anlegg til nettet på dei vilkåra som er bestemt i lov og forskrift om tilknytingsplikt, og i nettselskapet sine tilknytingsvilkår. Det er ein føresetnad for nettleigeavtale at nettkunden overhald gjeldande lover, forskrifter og tilknytingsvilkår. Tilknytingsvilkåra gjeld mellom nettselskapet og kunden frå og med det tidspunktet det elektriske anlegget i bygningen første gong blir knytt til nettet, og gjeld deretter samanhengande fram til det tidspunktet det elektriske anlegget i bygningen blir permanent kopla frå nettet. Tilknytingsvilkåra vil såleis gjelde for alle eigarar av elektriske anlegg som til ei kvar tid er knytt til nettet, og for dei som til ei kvar tid brukar det elektriske anlegget (d.v.s. er nettkunde på anlegget).

Nettkunden vil få tilknytingsvilkåra tilsende ved inngåing av nettleigeavtalen. Tilknytingsvilkåra er rekna som ein del av denne nettleigeavtalen. Nettselskapet sine forskriftsmessige plikter om informasjon og endring av tariffar, gjeld også tilknytingsvilkåra og endringar i desse.

§ 4-2.2 Forstyrningar på nettet

Det er ein føresetnad at nettkunden sitt bruk av nettet ikkje verkar forstyrrende for andre nettkundar eller den tekniske drifta av nettet.

§ 4-2.3 Bruk av elektrisk utstyr

Skal nettkunden bruke utstyr som krev stort effektuttak eller medfører vesentleg forstyrning i nettspenninga, skal bruk av slikt utstyr godkjennast på førehand av nettselskapet. Nettselskapet kan

nedlegge forbod mot bruk av slikt utstyr til nødvendige nettførsterkingar eller andre relevante tiltak i nettet er gjort, jf § 5 om anleggsbidrag i tilknytingsvilkåra.

§ 4-2.4 Føresetnader elles

Dersom nettselskapet har kopla frå eit anlegg, kan ingen andre enn nettselskapet eller deira representant kople til anlegget igjen, jf også §§ 7-3 og 8.

Nettselskapet sine tilknytingsvilkår skal leggjast til grunn for bruk og vedlikehald av installasjonen.

Ved tvil om forståing av omgrep og uttrykk som er brukt i denne avtalen, skal, med mindre noko anna er sagt i denne avtalen eller går fram av samanhengen i denne avtalen, definisjonane i vedlagde definisjonsliste leggjast til grunn.

§ 4-3 Avgrensa bruk av nettet

Nettselskapet kan mellombels avgrense eller kople ut uttaket hos nettkunden dersom det er nødvendig av omsyn til ettersyn, vedlikehald og utvidingar av eige nett eller andre nettkundar sine anlegg, jf § 8-2.

Dersom planlagt arbeid vil medføre utkopling eller avgrensing i uttaket, bør dette så langt det er råd, anten varslast direkte til nettkunden, eller på annan eigna måte, jf § 8-2.

Dersom nettselskapet som følgje av uføresette hendingar eller offentlege pålegg berre kan overføre kraft i avgrensa utstrekning, fastset nettselskapet i samsvar med gjeldande lovverk eller offentlege vedtak korleis tilgjengeleg overføringskapasitet i slike tilfelle skal disponerast til beste for heile konsesjonsområdet. Jf FOR-2002-05-07-448, Forskrift om systemansvaret i kraftsystemet og FOR-2001-12-17-1421, Forskrift om planlegging og gjennomføring av rekvisisjon av kraft og tvangsmessige leveringsinnskrenkningar ved kraftrasjonering.

§ 5 MÅLING AV FORBRUK OG MÅLARAVLESING

§ 5-1 Installasjon og drift av måleutstyr

Nettselskapet avgjer kva slags måleutstyr som skal brukast, eig måleutstyret og har ansvaret for installasjon, drift og kontroll av dette. Dersom nettkunden ønskjer installert eige måleutstyr i tillegg til nettselskapet sitt utstyr, skjer dette for eiga rekning.

Kunden sitt måleutstyr må ikkje plasserast så nær nettselskapet sitt måleutstyr at nettselskapet sitt måleutstyr kan bli påverka. Nettselskapet vil orientere om kvar kunden kan montere eige måleutstyr.

§ 5-2 Målaravlesing

Målaravlesing vert gjennomført i samsvar med nettselskapet sine rutinar og gjeldande forskrifter, jf siste ledd.

Dersom nettkunden mottok sjølvavlesingskort frå nettselskapet, pliktar kunden så langt råd er å gjere avlesing og rapportere inn målarstanden til nettselskapet innanfor dei fristane som er oppgitt av nettselskapet på avlesingskortet. Dersom nettkunden i fleire påfølgjande tilfelle ikkje rapporterer målarstand og ikkje gjev nettselskapet tilgang til målar for avlesing, slik at nettselskapet kan oppfylle sine forskriftpålagte plikter til å hente inn målarverdiar, er det å sjå som vesentleg kontraktbrot, jf § 7-1.

Målar skal i tillegg avlesast og målarstand rapporterast til nettselskapet ved skifte av kraftleverandør og ved opphøyr av leveranse.

Dersom målaravlesing frå nettkunden manglar, har nettselskapet rett til å fastsette nettkunden sitt uttak skjønsmessig og fakturere nettkunden etter slikt stipulert uttak. Når nettselskapet for seinare avrekningsperiode mottok avlesen målarstand, korrigerer nettselskapet avrekninga etter til avlese reelt uttak.

Elles skjer måling og avlesing av målar i tråd med §§ 3-3 og 3-5 i forskrift FOR 1999-3-11-301, Forskrift om måling, avrekning m.v.

§ 5-3 Kontroll av måleutstyr

Begge partar kan når som helst forlange kontroll av nettselskapet sitt måleutstyr.

Som ein del av kontrollen med måleutstyr utfører nettselskapet også rutinekontroll for å fastslå om påstått feil kan skuldast jordfeil, feilkoplingar m.m. Den rutinekontrollen omfattar ikkje kontroll i kunden sitt eige anlegg. Kunden er sjølv ansvarleg for kontroll, ettersyn og vedlikehald av eige anlegg.

Vert det forlanga ytterlegare kontroll av utstyret, skjer dette av ein nøytral instans som partane blir samde om på førehand.

Den som forlangar måleutstyret kontrollert, dekkjer kostnadene ved kontrollen. Dersom kontrollen viser måleavvik større enn det som er tillate etter Justervesenet si forskrifter, skal nettselskapet alltid koste kontrollen.

Resultatet av målekontrollen skal gjerast tilgjengeleg for begge partar.

§ 5-4 Feil ved måleutstyr

Nettselskapet skal, dersom det er konstatert feil ved måleutstyr, straks meddele dette til kunden.

Dersom måleutstyret ved kontroll viser meir eller mindre enn det verkelege forbruket, eller dersom måleutstyret ikkje har verka, kan nettselskapet stipulere forbruket dersom det ikkje let seg rekne ut nøyaktig på annan måte. Stipuleringa skjer skjønsmessig. Ved skjønnet legg ein til grunn anlegget sitt tidlegare normale forbruk i ein periode tilsvarande feilperioden, eller ein gjer ei kontrollmåling av forbruket i ein tilsvarande periode. Ved skjønnet skal det takast omsyn til om nettkunden kan gjere sannsynleg at forbruket i aktuell feilperiode har vore lågare, eller om nettselskapet kan gjere sannsynleg at forbruket har vore høgare, enn tidlegare normalforbruk.

Nettkunden blir etterrekna eller godskriven for nettleige som svarar til differansen mellom det skjønsmessig fastsette forbruket og det feilmålte forbruket for den perioden målarfeilen kan ettervisast.

Dersom nettkunden er blitt avrekna for elektrisk kraft etter feilaktig måling på same måten som for nettleiga, skal nettselskapet godskrive nettkunden direkte for faktisk ikkje-levert kraft, eller krevje tilleggsbetalt direkte frå nettkunden for faktisk levert elektrisk kraft.

Nettselskapet sin rett og plikt til korrigeringsavrekning for kraft ved feil på målarutstyret gjeld utan omsyn til om nettkunden har hatt ein annan (andre) kraftleverandør(ar) i feilperioden. Kraftleverandøren si yting er finansiell og vert difor ikkje påverka av målefeilen. Ved utrekning av det beløpet som nettselskapet skal godskrive kunden eller krevje tilleggsbetaling for, skal nettselskapet sin pris for nettap i feilperioden nyttast, med mindre kunden kan dokumentere at han har hatt avtale om ein høgare eller lågare pris med sin(e) kraftleverandør(ar) i feilperioden. Dersom kunden innan to veker etter at han har fått melding om feilen, kan godtgjere at han har hatt ein høgare eller lågare kraftpris i feilperioden enn oppgitt tapspris, skal denne nyttast ved utrekning av godskrivingsbeløpet eller tilleggsbetalingsbeløpet.

Tilbakebetaling eller tilleggsbetaling for nettleige og elektrisk kraft ved feil på målarutstyr skal skje for den tida feilen kan ettervisast, likevel ikkje ut over 3 år, jf LOV 18-05-1979 nr 18 Lov om foreldelse av fordringer, med mindre tilleggsfrist kan krevjast etter same lov. Slikt oppgjør skal normalt gjerast snarast råd etter at feilen er dokumentert og utrekna økonomisk.

Når feilen kan tilskrivast nettselskapet, kan nettselskapet ikkje krevje etterbetaling dersom feilen er så liten at nettkunden ikkje burde hatt mistanke om feilen og såleis er i aktsam god tru.

§ 5-5 Meirforbruk som følge av feil i anlegg

Nettkunden svarar for feil og manglar i det anlegget nettkunden brukar. Dersom ein feil eller mangel ved nettkunden sitt anlegg gjer at måleutstyret har registrert eit forbruk som nettkunden ikkje har kunna nytte (meirforbruk), har nettkunden normalt ikkje krav på tilbakebetaling av nettleige/kraftpris.

Nettselskapet svarar for feil og manglar i nettet. Feil eller manglar i nettet, utan at det samtidig også er feil eller manglar i kunden sitt anlegg, kan likevel ikkje føre til at det blir registrert meirforbruk hos kunden.

Dersom det registrerte meirforbruket er kjem av samanverkande feil eller manglar både i kunden sitt anlegg og i nettselskapet sitt anlegg, eller i ein annan kunde sitt anlegg, svarar nettselskapet og kunden som hovudregel kvar for halvparten av det registrerte meirforbruket (nettleige og kraftuttak).

Hovudregelen i føregåande ledd kan fråvikast dersom feila sin innverknad på meirforbruket kan reknast ut nøyaktig.

I denne samanhengen er ein feil eller mangel definert som avvik frå anlegg i forskriftsmessig stand, jf forskrifter til LOV-1929-05-24 nr 4, Lov om tilsyn med elektriske anlegg og elektrisk utstyr.

Hovudregelen kan fråvikast dersom den eine av partane har medverka til meirforbruket ved eige forhold, dersom det er rimeleg når ein tek omsyn til återfda og kva ho betydde for at meirforbruket blei registrert. Her skal det også leggst vekt på om partane si varslingsplikt etter § 5-6 er overhalden.

Meirforbruket vert utrekna på grunnlag av nettkunden sitt tidlegare normale forbruk i tilsvarende periode, med mindre ein av partane kan gjere sannsynleg eit anna forbruk i den perioden feila/manglane har vore til stades, jf reglane om stipulering ved feil i måleutstyr i § 5-4.

§ 5-6 Varslingsplikt

Oppdagar ein av partane feil ved målinga, for eksempel meirforbruk, pliktar han utan ugrunna opphald å varsle den andre parten.

§ 6 AVREKNING, PRIS- OG BETALINGSVILKÅR

§ 6-1 Utrekning og betaling av nettleige

Dei måleverdiane som vert avlesne av nettselskapet sitt måleutstyr, er grunnlag for utrekning av nettleige og energiforbruk/energifyt i målepunktet. Nettleiga skal betalast i samsvar med gjeldande tariff med tillegg av offentlege avgifter, og normalt etter faktisk målt forbruk i perioden.

Faktura forfell til betaling i samsvar med nettselskapet sine faktureringsrutinar.

Forsinkingsrente kjem til etter LOV 17-12-1979 nr 100, Forsinkelsesrenteloven, og startar frå betalingsfrist.

§ 6-2 Endring i betalingsvilkår

Betalingsvilkår kan endrast med 14 dagars varsel. Endringar skal kunngjerast ved direkte melding til nettkunden eller på annan eigna måte.

§ 6-3 Avrekningsfeil

Nettselskapet skal dersom det vert oppdaga avrekningsfeil eller andre feil knytt til måledata, straks melde frå om dette til kunden.

Ved avrekningsfeil som gjeld periodar der avrekninga for nettleiga alt er gjort, skal nettselskapet godskrive nettkunden for nettleige, eller krevje tilleggsbetalt for nettleige, for alle typar avrekningsfeil.

Nettkunden blir etterrekna eller godskriven for nettleige som svarar til differansen mellom korrekt avrekna forbruk og det feilaktig avrekna forbruket for heile perioden feilavrekninga har skjedd.

Dersom nettkunden er blitt avrekna for elektrisk kraft feilaktig på same måten som for nettleiga, skal nettselskapet godskrive nettkunden direkte for faktisk ikkje-levert kraft, eller krevje tilleggsbetalt direkte frå nettkunden for faktisk levert elektrisk kraft.

Nettselskapet sin rett og plikt til å korrigere avrekningsfeil for elektrisk kraft gjeld utan omsyn til om nettkunden har hatt ein annan (andre) kraftleverandør(ar) i feilperioden. Ved utrekning av det beløpet som nettselskapet skal godskrive kunden, eller tilleggsbetalast for, skal nettselskapet sin pris for nettap i feilperioden nyttast, med mindre kunden kan dokumentere at han har hatt avtale om ein høgare eller lågare pris med sin(e) kraftleverandør(ar) i feilperioden. Dersom kunden innan to veker etter at han har fått melding om feilen kan godtgjere at han har hatt ein høgare eller lågare kraftpris i feilperioden enn oppgitt tapspris, skal denne nyttast ved utrekning av godskrivingsbeløpet eller tilleggsbetalingsbeløpet.

Tilbakebetaling eller tilleggsbetaling for nettleige og elektrisk kraft ved avrekningsfeil skal skje for den tida feilen kan ettervisast, likevel ikkje ut over 3 år, jf lov om forelding av fordringar av 18. mai 1979 nr. 18, med mindre tilleggsfrist kan krevjast etter loven. Slikt oppgjer skal normalt gjerast snarast råd etter at feilen er dokumentert og utrekna økonomisk.

Dersom avrekningsfeilen kan tilskrivas nettselskapet, kan nettselskapet ikkje krevje etterbetaling dersom feilen er så liten at nettkunden ikkje burde hatt mistanke om feilen og såleis er i aktsam god tru.

§ 7 STENING AV NETTKUNDEN SITT ANLEGG

§ 7-1 Vilkår for stening

Nettselskapet kan stenge nettkunden sitt anlegg for uttak av elektrisk kraft ved vesentleg kontraktbrot frå nettkunden si side. Som vesentleg kontraktbrot vert rekna m.a. at nettkunden ikkje betalar skuldig nettleige innan betalingsfristen, at nettkunden ikkje stiller sikring for betaling når slik sikring vert kravd, jf. § 2-3, eller at nettkunden ikkje held plikta si til å lese av og sende inn måleresultat og ikkje medverkar til at nettselskapet kan få tilgang til målar for avlesing, jf. § 5-2, andre ledd.

Dersom nettselskapet også leverer kraft til nettkunden, vil manglande betaling som gjeld kraftleveransen også utløyse stenging.

Stenging av eit anlegg frittek ikkje nettkunden for betaling av nettariffen sine faste kostnader, leige av målar m.m. i den tida anlegget er stengt på grunn av manglande betaling.

§ 7-2 Prosedyrar for stenging

Før stenging kan skje skal nettselskapet sende eit skriftleg stengevarsel til kunden si fakturaadresse.

Av eit stengevarsel i samband med manglande betaling skal det gå fram:

- at nettkunden kan unngå stenging ved betaling innan 14 dagar
- ei oppfordring til nettkunden om snarleg å kontakte nettselskapet for å finne fram til alternative løysingar for å få gjort opp gjelda
- kostnader som kome til ved opning etter eventuell stenging

Av stengevarsel i samband med brot på plikta til å stille sikring skal det gå fram:

- at nettkunden for å unngå stenging innan 7 dagar må stille sikring i tråd med det kravet nettselskapet har sett fram, jf § 2-3.
- kostnader som kjem til ved stenging og gjenopning

Av stengevarsel i samband med gjentekne tilfelle av manglande avlesing og rapportering av måleverdiar, og manglande medverknad til å gi nettselskapet tilgang til målar for avlesing, skal det gå fram:

- at nettkunden for å unngå stenging innan 7 dagar må medverke til at nettselskapet får tilgang til målaren for avlesing, jf § 5-2
- kostnader som kjem til ved stenging og gjenopning

§ 7-3 Gjenopning av stengt anlegg og stilling av sikring for nettleige

Dersom nettselskapet har stengt eit anlegg, kan ingen andre enn nettselskapet eller selskapet sin representant kople til anlegget igjen, jf § 4-2.4, første ledd.

Eit anlegg som er rettmessig stengt på grunn av manglande betaling, vil ikkje opnast på nytt før all gjeld til nettselskapet og kostnader i samband med stenging og gjenopning, er betalt. Dersom det er sannsynleg med manglande betaling vidare, kan nettselskapet som vilkår for gjenopning i tillegg krevje at nettkunden stiller sikring for betaling i rett tid.

Eit anlegg som er rettmessig stengt på grunn av manglande stilling av sikring, vil ikkje bli gjenopna før kravet om sikring er oppfylt.

§ 7-4 Erstatningsansvar ved rettmessig stenging

Nettselskapet er ikkje ansvarleg for skadar eller tap av eit kvart slag som kan oppstå hos ein nettkunde ved rettmessig stenging.

§ 8 FRÅKOPLING OG TILKOPLING AV ANLEGGET

Fråkopling og tilkopling kan berre utførast av nettselskapet eller deira representant. Nettselskapet er ikkje ansvarleg for skade eller tap ved frå- eller tilkoplingar som er heimla i denne avtalen.

§ 8-1 Fråkopling utan nærare varsel

Direktoratet for samfunnsikring og beredskap (DSB)/ Det lokale eltilsynet (DLE) utfører fråkopling etter vedtak og utan nærare varsel dersom:

- installasjonen er farleg
- installasjonen treng utbetring straks
- bruk kan føre til skade eller ulemper for nettkunden, nettselskapet eller andre

DSB/DLE kan etter forskrift FOR 1998-11-06 nr.1060, fastsett av Produkt og Elektrisitetstilsynet, gjere vedtak om og kople ut eit forskriftsstridig anlegg dersom pålegg om utbetring av manglar ved installasjonen ikkje er gjort til fastsett tid, eller dersom det ikkje vert brukt godkjende apparat.

§ 8-2 Fråkopling etter nærare varsel

Nettselskapet kan utføre fråkopling etter nærare varsel dersom fråkoplinga er nødvendig av omsyn til ettersyn, vedlikehald eller utviding av nettselskapet eller andre nettkundar sine installasjonar.

Nettselskapet skal, så langt det er råd, varsle nettkunden direkte eller på annan eigna måte om fråkoplinga. I den utstrekning det er råd, skal fråkoplinga leggst til tider som er til minst ulempe for nettkunden.

Varsel om fråkopling medfører ingen plikt for nettselskapet til å kople frå anlegget i heile eller deler av det varsla tidsrommet.

§ 9 INKASSO

Ved brot på betalingsplikta skjer inkasso i samsvar med LOV 13-05-1988 nr. 26, Inkassolova.

§ 10 NETTKUNDEN KONKURS

Er nettkunden konkurs, og ein panthavar eller konkursbuet tilbyr seg å teikne ny avtale, kan nettselskapet ikkje nekte dette. Så vel panthavar som konkursbuet har krav på ny kontrakt med nettselskapet, og kan på same måte som andre nye nettkundar motsetje seg eit krav frå nettselskapet om dekning av den tidlegare nettkunden si gjeld som vilkår for inngåing av nettleigeavtale. Tilsvarande gjeld også i den grad nettselskapet også leverer kraft etter reglane om leveringsplikt.

Det kan krevjast sikring for betaling i rett tid frå panthavar/konkursbu etter reglane i § 2-3.

§ 11 OPPSEIING AV NETTLEIGEAVTALE

§ 11-1 Oppseiing

Dersom nettkunden flyttar verksemda, eller blir avskoren frå å nytte nettet, kan nettleigeavtalen seiast opp med 14 dagars varsel.

Ved manglande oppseiing av avtalen er nettkunden ansvarleg for nettleiga inntil nettselskapet får lest av målararen eller har inngått avtale med annan nettkunde. Dersom nettselskapet også leverer kraft etter reglane om leveringsplikt, gjeld tilsvarande for kraftleveringa.

§ 11-2 Avrekning ved oppseiing

Nettkunden blir avrekna fram til utløpet av oppseiingsfristen, eller til målaravlesing ligg føre. Nettkunden pliktar å melde frå til nettselskapet om tilkomst for avlesing av målar og for eventuell fråkopling av anlegget.

§ 12 ANSVARFORHOLD

§ 12-1 **Nettselskapet sitt erstatningsansvar**

Nettselskapet er ansvarleg for direkte skade og tap forårsaka av den elektriske krafta og for direkte skadar og tap som skuldast avbrot, driftsstans og innskrenkingar i drifta. Dette gjeld likevel ikkje så langt nettselskapet godtgjer at skaden eller tapet skuldast årsaker utanfor selskapet sin kontroll, og som det ikkje var rimeleg at selskapet kunne ventast å unngå eller overvinne følgjene av.

Ansvarsfridom gjeld så lenge hindringa verkar. Fell hindringa bort, kan ansvaret gjerast gjeldande dersom nettselskapet let vere å stille ytinga til disposisjon i samsvar med kontrakten.

Nettselskapet utbetrar alle skadar og feil på det elektriske anlegget så raskt som råd.

§ 12-2 **Indirekte skadar og tap (følgjeskadar)**

Nettselskapet er ikkje ansvarleg for indirekte skadar og tap som vert påført anleggseigar eller nettkunde med mindre skaden skuldast grov aktløyse frå nettselskapet si side.

Som indirekte skade og tap (følgjeskadar) vert rekna

- tap som følgje av heilt eller delvis bortfall av produksjon eller omsetning (driftsavbrot)
- tapt fortjeneste som følgje av at ein kontrakt med tredjemann fell bort eller ikkje blir oppfylt
- tap som anleggseigar / brukar sine kundar har lide
- tap som følgje av skade på anna enn anleggseigar / brukar sitt anlegg, apparat eller anna enn gjenstandar som har nær og direkte samanheng med anlegget eller apparata sin tiltenkte bruk

§ 12-3 **Manglar ved leveringa**

Dersom ikkje anna er avtalt mellom partane, skal leveransen tilfredsstillende krava i FOR 2004-11-30 nr 1557, Forskrift om leveringskvalitet i kraftsystemet.

§ 12-4 **Reklamasjon**

Nettkunden taper retten til å gjere ein mangel gjeldande dersom han ikkje innan rimeleg tid etter at han oppdaga eller burde ha oppdaga mangelen, gjev nettselskapet melding om mangelen.

§ 12-5 **Avhjelp**

Nettselskapet har rett og plikt til å avhjelpe ein mangel utan kostnad for nettkunden innan rimeleg tid etter at nettkunden har gitt beskjed om mangelen. Utbetring av ein mangel avskjer ikkje retten til erstatning for skade og tap etter §§ 12-1 og 12-2.

§ 12-6 Prisavslag

Nettkunden har rett til å krevje prisavslag for mangelfull yting dersom mangelen ikkje vert avhjelpt i tråd med i førre ledd. Prisavslag kan kome i tillegg til erstatning.

§ 12-7 Nettkunden sin medverknad

Dersom nettkunden har medverka til skaden eller tapet ved eiga skuld, kan nettselskapet sitt ansvar setjast ned eller falle bort, jf LOV 13-06-1969, Skadeserstatningslova § 5-1.

§ 12-8 Personskade

Ansvar for personskade er ikkje regulert av denne nettleigeavtalen. Det vert vist til dei alminnelege erstatningsreglane.

§ 13 TEIEPLIKT

Nettselskapet skal ikkje utlevere personopplysningar som vedkjem nettkunden til utanforståande, unnateke når utlevering av slike opplysningar skjer:

- a) med samtykke frå den opplysninga gjeld
- b) med heimel i lov, eller i forskrift gitt med heimel i lov eller
- c) som ledd i betalingsinnkrevjing m.m. når det ligg føre saklege grunnar.

Nettselskapet skal på same måten teie om alle forhold selskapet blir kjende med av teknisk eller økonomisk art som vedkjem nettkunden og verksemda hans.

§ 14 ENDRINGAR I NETTLEIGEAVTALEN

Eventuelle endringar av innhaldet i denne nettleigeavtalen vil bli kunngjort med 14 dagars varsel som direkte melding til nettkunden eller på annan eigna måte.

§ 15 TVISTAR

Ved usemje mellom partane om tariffar og andre overføringsvilkår er Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) kontrollorgan og gitt mynde til å gi pålegg innan visse rammer fastsette i lov og forskrifter.

Tvistar elles med grunnlag i standard nettleigeavtale vert bringa inn for domstolane dersom ikkje partane i det enskilde tilfellet er samde om å løyse tvisten ved skilddom og inngår avtale om dette.

Definisjonar for nettleigeavtale og tilknytingsvilkår for næringsdrivande kundar m.m.

Anleggsadresse	Adressa til staden der anlegg med målepunkt er.
Anleggsbidrag	Utrekna investeringstilskot ved tilknytning av ein ny kunde eller ved forsterking av nettet til ein eksisterande kunde.
Anleggsbrukar	Den juridiske eininga (selskap eller fysisk person) som brukar ein eigedom med elektriske installasjonar som er tilknytt nettselskapet sitt nett.
Anleggseigar	Den juridiske eininga (selskap eller fysisk person) som eig ein eigedom med elektriske installasjonar som er tilknytt nettselskapet sitt nett.
	Anleggseigar og Anleggsbrukar kan vere same juridiske eining, eller ulike juridiske einingar.
Distribusjonsnett	Overføringsnett med nominell spenning opp til og med 22kV, med mindre anna er fastsett.
Eigedom	Ein kvar eigedom med elektriske installasjonar som er tilknytt eller skal tilknyttast nettselskapet sitt nett. Som eigedom reknast også eksempelvis ei bustadblokk eller eit rekkjehus. Den juridiske organiseringa av eigedommen er utan betydning, og ei bustadblokk kan eksempelvis sjåast på som ein eigedom utan omsyn til talet på husvære i denne samanhengen.
Elektrisk anlegg	Generell nemning på alle slags anlegg for produksjon, omforming, overføring, distribusjon og forbruk av elektrisk kraft. Nettkunden sitt elektriske anlegg er den elektriske installasjonen som Anleggseigaren eig og Anleggsbrukaren brukar.
Fordelingsanlegg/-nett	Høgspennings- eller lavspenningsnett som nettselskap bygg i samsvar med offentlig områdekonsesjon.
Fråkopling	Fråkopling omfattar fråkopling av ein installasjon ved hjelp av eit fysisk inngrep, bruk av verkty og liknande og/eller utkopling av ein installasjon ved hjelp av brytar, sikring eller annan innretning.
Installasjonseigar/brukar	Sjå Anleggseigar og Anleggsbrukar.
Kraftleverandør	Verksemd som omset elektrisk energi til sluttbrukar og som har omsetningskonsesjon. Som sluttbrukar vert rekna kjøpar av elektrisk energi som ikkje sel denne vidare.
Målepunkt	Det punktet i nettet målararen er plassert. Målepunktet er vanlegvis det same punktet som Tilknytingspunktet, dersom ikkje anna er særskilt avtalt. Kvart Målepunkt er gjerne definert ved eit unikt Målepunkt-ID.
Nettenester/	

Nettverksemd	Verksemd/tenester som vert ytt av eit nettselskap
Nettkunde	Juridisk eining som brukar eit elektrisk anlegg som er tilknytt anlegget til eit nettselskap. Nettkundane i denne avtalen er alle andre einingar enn dei som er forbrukarar i samsvar med definisjonen av forbrukar i forbrukarkjøpslova.
Nettleige	Alle prisar og annan økonomisk godtgjersle (tariffar) som nettselskapet fastset for tilknytning til og bruk av elektriske nettanlegg.
Nettleigeavtale	Med nettleigeavtale meiner ein det fullstendige avtaleverket mellom nettkunden og nettselskapet, også m. a. nærverande avtale og gjeldande nettleigetariffar.
Nettselskap	Eining som eig overføringsnett eller har ansvar for nettverksemd. Det er krav om offentleg løyve (konsesjon) for å drive nettverksemd.
Regionalnett	Overføringsnett med nominell spenning meir enn 22kV, med mindre anna er bestemt.
Stenging	Eit fysisk tiltak som vert gjort av nettselskapet, og som tek sikte på å hindre uttak av elektrisk kraft før årsaka til stenginga er fjerna.
Stikkledning	Ein ledning, luftledning eller kabel frå netteigar sitt fordelingsanlegg til anleggseigar/brukar sitt anlegg. Stikkledningar er ein del av nettet.
Tariffar	Sjå Nettleige
Tilknytingsgebyr	Generelt gebyr ved tilknytning av nytt anlegg.
Tilknytingspunkt	Det punktet som markerer skiljet mellom nettselskapet sitt nett og nettkunden sitt anlegg.
Tilkopling	Tilkopling av ein installasjon er motstykket til fråkopling og omfattar også innkopling som motstykke til utkopling – sjå Fråkopling.